

ÅRSMØTE I KLEPP MÅLLAG 12.02.2015.



Torsdag 12.februar 2015 kl. 19:30 hadde Klepp Mållag årsmøte i møtelokalet til Jæren Sparebank på Klepp.

15 personar møtte. Leiaren i Rogaland Mållag, Magne Viggo Høyland, vitja årsmøtet vårt.

Else Berit Hattaland ønskte velkommen og presenterte programmet.

Før årsmøtet

Flott song fekk me frå «Unge Spor»; to ungdommar framførte tre songar, alle på norsk og på dialekt. «Mitt hjerta e' ditt», «Liten foggel», «Mysteriet deg». Den siste hadde dei oversett frå svensk så det skulle passa til årsmøtet i mållaget. Ei fin oppleving.

Så fekk Idar Håland ordet. Det var engasjerande å høyra korleis han og medarbeidarane arbeidde og tenkte i samband med marknadsføring. Han greidde ut om bruk av dialekt i marknadsføringa; kvifor det vart tatt i bruk, og om reaksjonar frå kundar. Han gav ein kort historikk, og synte døme på annonsane. Han fortalde med humør om sitt syn på nynorsk kontra bokmål, og om dialektskriving. Det var interessant å høyra og gildt å få med gullkorn frå Hulda Garborg.

Etter allsong vart det pause med kaffi, mat og drøs.

Årsmøtet

- Godkjenning av innkalling og sakliste.
- Else Berit Hattaland blei valt som møteleiar og Berit Brusli møteskrivar.
- Nils Olav Østrem og Ingunn Ånestad vart valde til å skriva under møteboka.
- Årsmeldinga for 2014 blei lagt fram av Else Berit Hattaland. Årsmeldinga blei godkjent.
- Rekneskapen blei lagt fram av Ove Harald Fossen. Rekneskapen blei godkjent.
- Arild Ånestad blei attvalt som revisor for eitt år.
- Årspengar blei sett til 360,00.
- Else Berit Hattaland gjekk gjennom arbeidsprogrammet for 2015: Vidare arbeid innan barnehagar og blant foreldre. Bokkveld – Kulturarrangement. Torvald Tu for barn Vidare planlegging av bok til bruk i barneskule og barnehage. Verdslandsbyen. Nynorsk for innvandrarak; vidare arbeid for å fremja nynorskopplæring ved språkstasjonane. Spreiing av nynorske aviser og blad, næringslivsarbeid, Torvald Tu-pris.

Val av styremedlemmer

Else Berit Hattaland blei valt til leiar for eitt år.

Ove Harald Fossen tok attval og blei styremedlem for to år. Norunn Anda blei valt som styremedlem for eitt år.

ÅRSMØTE I KLEPP MÅLLAG 12.02.2015.



Berit Brusli og Annvor Erås var ikkje på val og held fram som styremedlemmer eit år til.

Ingen varamedlemmer er valde.

Helge Hovtun går ut av styret og fekk ein pose twist for arbeidet.

Styret frå 12.02.2015 er då: Else Berit Hattaland (leiar), Ove Harald Fossen, Berit Brusli, Annvor Erås, Norunn Anda.

Valnemnd

Helge Hovtun vart nytt medlem av valnemnda. Nils Olav Østrem, Margareth Skrettingland Roba og Helge Hovtun er valnemnd for komande arbeidsår.

Anna

Magne Viggo Høyland frå Rogaland Mållag tok ordet og ba Klepp Mållag samarbeida med Rogaland Mållag og Time Mållag om å få endra språkopplæringa for innvandrarar som kjem til Jæren frå bokmål til nynorsk.

Else Berit Hattaland ønska vel overstått årsmøte og vel heim.

Kleppe, den 14.02.2015.

Berit Brusli
Berit Brusli, skrivar.

Nils Olav Østrem
Nils Olav Østrem

Ingunn Ånestad Kleppe
Ingunn Ånestad Kleppe